



Ungdomsrådet i Stranda kommune

Vår ref.: 20/1476-8

Dykkar ref.:

Arkiv: K2 - K00

Dato: 20.10.2021

## Høyring - Kommunedelplan for energi- og klima 2022-2025, Stranda kommune

I medhald av plan- og bygningslova §11-14 har kommuneplanutvalet i møtet 6.10.2021, sak KPU-011/21 gjort vedtak om høyring og offentleg ettersyn av Energi- og klimaplan for Stranda kommune 2022-2025.

Alle kommunar er pålagde å utarbeide ein energi- og klimaplan. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i forventningsbrevet for 2021 lagt stor vekt på at kommunane skal arbeide med og setje seg mål for energisparing og klimatiltak/-tilpassing m.a. i form av eit klimagassbudsjett og rekneskap.

Planen er utarbeidd av Stranda kommune og er gitt status som **kommunedelplan**. Planen har som føremål å få innarbeidd klimatiltak som fast del av budsjettprosessen og det er difor laga ein tiltaksplan som skal reviderast og leggjast fram til politisk handsaming kvar budsjettperiode for å sikre ressursgrunnlag for gjennomføring av tiltaka.

Saksdokument, kommunedelplanen og tiltaksplanen er lagt ut på Stranda kommune sine heimesider ([www.stranda.kommune.no](http://www.stranda.kommune.no)). Plandokumenta finn ein ved å gå inn på «offentleg utlegg» som ligg under snarvegar på framsida.

Merknader til planen vil bli referert og vurdert gjennom saksutgreinga i den vidare handsaminga av planen. Eventuelle merknader skal sendast til [post@stranda.kommune.no](mailto:post@stranda.kommune.no) eller Stranda kommune, Øyna 13, 6200 Stranda, **innan 10.12.2021**.

Med vennleg helsing  
Stranda kommune

Inge Bjørdal  
Næringssjef

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.*

### Mottakar:

Barn- og unges representant  
v/Elisabeth Opsvik  
Brannsjef Inge Teigen  
Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Fylkeshuset Postboks 2500 6404 MOLDE

**Mottakar:**

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest	Naustdalsvegen 1b	6800	FØRDE
Statens vegvesen	Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Stranda Energi AS	Ødegårdsvegen 123	6200	STRANDA
Stranda hamnevesen KF		6200	STRANDA
Ungdomsrådet i Stranda kommune			
ÅRIM	Langelandsvegen 1	6010	ÅLESUND

**Vedlegg:**

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
20.10.2021	Energi- og klimaplan for Stranda kommune med tiltaksplan til høyring	313691
20.10.2021	U4SSC - Snapshot - Stranda	313692
20.10.2021	Kommunedelplan for klima og energi 20210909	313693
20.10.2021	Tiltak klimabudsjett 2022_2025_20.09.2021	313694